



Arkoconsult v/ Inge A. Johannessen


Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/861 - 22/15433

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2022

Ytterligere spørsmål/ merknader til søknad om seksjonering GBNR 137/109


Viser til e-posten sendt 21.02.22 med spørsmål om tilkomst og adresser, som eg ikkje har fått svar på. Eg har difor tildelt adressene på den måten eg meiner er best/ rett.



Det er eit anna spørsmål til denne seksjoneringa, som gjeld **eigedomsgrensene**.

Seksjonering av eigedom gjeld heile eigedommen. Det er eit areal av denne eigedommen som ligg nord for tilkomstveg. Dette arealet er ikkje tatt med i situasjonskartet som ligg ved søknaden om seksjonering.

Kva er planen med dette arealet? Skal det ikkje vera ein del av fellesarealet til denne seksjonerte eigedommen? (elles må det delast i frå)



Vedtekter:

Kommunen er pliktig til å sjekka om vedtektene oppfyller minstekravet til slike vedtekter. Minstekravet er at det er brukt og oppgitt kva matrikkeleining sameiget gjeld, og kor mange medlemmar det skal vera i styret for sameiget. Vedlagt vedtekter må kunne kallast minimale med 2 paragrafar, og §2 seier at «Sameiet skal ha et styre på minst 3 medlemmer, minst ett medlem frå en eierseksjon som velges på sameiemøtet».

Kommunen må kunne krevje at det står oppgitt eksakt tal medlemmar- og «ikkje minst»!

I byggeteikningane som ligg ved søknad om løyve til bygging viser det plassar for HC-parkering. Ved seksjonering skal ein syte for at det vert etablert parkeringsplassar i tråd med krav i byggeløyvet. Eg kan ikkje sjå at dette er vidare omtala i byggeløyvet.

Parkeringsareala vert registrert som fellesareal i sameiget. Vedtekter bør då ta inn ordning for administreringa av HC-plassar og også etablering av ladestasjonar for EL-bilar er moment som må takast i vare i vedtekter.

Generelt til søknad om seksjonering:

Innsending av søknad om seksjonering med vedlegga kart og seksjoneringsteikningar skal vera i **2 eksemplar**- fortrinnsvis med originale signaturar. Elles må kommunen stempla og signera rett kopi på alle sider i skjema. (skal altså ikkje lenger sendast inn i 3 sett) Dei andre vedlegga kan sendast inn i 1 eksemplar.

Dette brevet vert sendt til tidlegare brukte e-postadresser og via svar ut til Hordaland byggutvikling AS. Det kan ha vore endringar i kontaktpersonar og e-postadresser.

Søknaden om seksjonering avventar svar på kommentarar/spørsmål som er stilt her.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arvid Rikstad

Mottakarar:

Arkoconsult v/ Inge A. Johannessen
Hordaland Byggutvikling AS

Stølen 26A

5911

Alversund